

<b>MØTE NR.:</b>	01 i tingperioden 2013-2015
<b>FRÅ:</b>	Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
<b>STAD/DATO:</b>	Loen, Hotell Alexandra / 13.-14. September 2013
<b>TIL STADES:</b>	Inge Fænn, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel, Lilly Schøyen, Asle Sande og Yngve Thorsen (adm.).
<b>FORFALL:</b>	Anders Felde
<b>MERKNADER:</b>	I samband med <i>Sak 01 13-15 Skitinget 2014</i> deltok følgjande frå Norges Skiforbund: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skipresident, Erik Røste</li><li>- Gen. Sek., Stein Opsahl</li><li>- Org. Sjef, Ingvild Bretten Berg</li><li>- Adm. koordinator, Bente Langøren</li></ul>
<b>REFERENT:</b>	Yngve Thorsen
<b>SAKLISTE:</b>	
<b><i>Sak 01 13-15</i></b>	<b>Skitinget 2014</b>
<b>REFERATSAKER</b>	
<b><i>Sak 02 13-15</i></b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
<b>ORIENTERINGSAKER</b>	
<b><i>Sak 03 13-15</i></b>	<b>Statoil Hovudlandsrennet Nordiske Greiner 2014</b>
<b>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</b>	
<b><i>Sak 04 13-15</i></b>	<b>Oppsummering og vidare arbeid m.o.t. Skitinget 2014</b>
<b><i>Sak 05 13-15</i></b>	<b>Høyringsframlegg –</b> <b>Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og Friluftsliv 2014-2017</b>
<b><i>Sak 06 13-15</i></b>	<b>Vinterarrangement for Utviklingshemma i Sogn og Fjordane</b>
<b><i>Sak 07 13-15</i></b>	<b>Skiidrett for alle</b> – ei informasjonsbrosjyre frå Sogn og Fjordane Skikrins
<b><i>Sak 08 13-15</i></b>	<b>Miljøsamlingar 2013</b>
<b><i>Sak 09 13-15</i></b>	<b>Ski i Skulen 2014</b>
<b><i>Sak 10 13-15</i></b>	<b>Tidspunkt og aktuelle saker for neste møte i Skikrinsstyret</b>
<b>RAPPORTERING</b>	
<b><i>Sak 11 13-15</i></b>	<b>Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013</b>
<b>EVENTUELTT</b>	
<b><i>Sak 12 13-15</i></b>	<b>Søknad om økonomisk støtte</b>
<b><i>Sak 13 13-15</i></b>	<b>Orientering; Norges Skiforbund</b>
<b><i>Sak 14 13-15</i></b>	<b>Haustmøte 2013</b>

**Sak 01 13-15****Skitinget 2014****Bakgrunn**

Førebels ansvar- og oppgåvedeling for gjennomføring av Skitinget 2014, samt framlegg til kulturelle innslag er utsendt på førehand.

Skistyret har tidlegare gjort vedtak om at Skitinget 2014 skal avviklast ved Hotel Alexandra i Loen, med Sogn og Fjordane Skikrins som vertskap.

Norges Skiforbund orienterte Skikrinsstyret om rammevilkåra m.o.t. planlegging og gjennomføring av arrangementet.

I møtet fastsetje ein førebels ansvar- og oppgåvedeling ifbm. Skitinget, samt rammer for dei kulturelle delane i samband med arrangementet (vedlagt).

**Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og legg orienteringa til grunn i det vidare arbeidet med Skitinget i 2014.

**REFERATSAKER****Sak 02 13-15****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

**Vedtak**

Skikrinsstyret godkjener innkalling og sakliste

**ORIENTERINGSAKER****Sak 03 13-15****Statoil Hovudlandsrennet Nordiske Greiner 2014****Bakgrunn**

Norges Skiforbund v/ Skistyret har tildelt *Statoil Hovudlandsrennet Nordiske Greiner* til Markane IL og IL Veten. Dette på grunnlag av søknad frå Markane IL og IL Veten. Med dette som grunnlag er Markane IL og IL Veten formelt likeverdige arrangørlag, med dei same rettigheitene og forpliktelsane i gjennomføringa av meisterskapen.

IL Veten ynskjer no ikkje å vere ein likeverdig arrangør, men ynskjer heller ein avtale med Markane IL om den tekniske gjennomføringa av hopp- og kombinert. Dette har vore IL Veten si eiga avgjerd.

Førebels har ikkje laga lykkast å komme til einigheit om ein samarbeidsavtale mellom arrangørane, hovudsakleg grunna økonomi.

**Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at nestleiar og adm. sjef følgjer opp saka.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### **Sak 04 13-15**

#### **Oppsummering og vidare arbeid m.o.t. Skitinget 2014**

##### **Bakgrunn**

Gjennomgang av ansvar- og oppgåvedeling, samt kulturelt opplegg ifbm. tinget.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret legg vedlagde ansvar- og oppgåvedeling samt rammer for kulturelt program til grunn i det vidare arbeidet med Skitinget.

### **Sak 05 13-15**

#### **Høyringsframlegg –**

#### **Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og Friluftsliv 2014-2017**

##### **Bakgrunn**

Fylkesutvalet har i møte 26. juni 2013, jf. FU-sak 56/13, vedteke å sende framlegg til Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017 til høyring med høyringsfrist 01. oktober 2013. (NB! Særkrinsane har frist til 15. september med å sende høyringssvar til idrettskrinsen, som koordinerer svara frå idretten i Sogn og Fjordane).

##### **Om planframlegget**

Føremålet med regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (FIF) er at den skal vere styrande for kva strategiar som skal leggast til grunn for å nå visjonen i planen; tilstrekkeleg fysisk aktivitet for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

FIF har skildra dagens situasjon og utfordringar knytt til livsstil og aktivitetsnivå hjå innbyggjarane i fylket. FIF gjer vidare greie for politikk og strategiar som fylkeskommunen legg til grunn for utvikling i Sogn og Fjordane. I handlingsprogrammet vert det gjort greie for kva tiltak som kan setjast i verk for å drifte og utvikle vidare tilbod om fysisk aktivitet for innbyggjarne i Sogn og Fjordane.

Det er også verdt å merke seg at fylkeskommunen gjennom handlingsprogrammet styrer bruken av årleg tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv. Dette handlingsprogrammet er delt i to, og viser i vedlegg 4 anlegg som vert foreslått skal få tildelt mdalar dei fire første åra. Vedlegg 5 viser anlegg som kan bli vurdert i seinare periodar.

FIF med handlingsprogram vil erstatte fylkesdelplan (FTP) for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010-2013.

##### **Anlegg med driftstilskot frå fylkeskommunen**

Sidan 2002 har fylkeskommunen gitt driftstilskot til store og driftskrevjande anlegg, med vesentleg innslag av frivillig drift og eigarskap. Bakgrunnen for dette tilskotet er at fylkeskommunen har vektlagt at det offentlege må yte ein større innsats i drifta av idrettsanlegg generelt og vinteridrettsanlegg spesielt. Dette gjeld både tilskot til drift og at offentlege anlegg vert stilt gratis til bruk for born og ungdom under 19 år, også for organisert aktivitet.

Med bakgrunn i dette har følgjande anlegg vore prioritert for fylkeskommunalt driftstilskot dei seinare åra:

- Langeland Skisenter (Førde og Gauldalen Kommunar)
- Ullsheim Skisenter (Stryn Kommune)
- "Ski i Sogn", Sogn Skisenter og Hodlekvæ Skisenter (Sogndal og Luster Kommunar)
- Nordfjord Fritidssenter (Stryn Kommune)

Gjennom ordninga er anlegga tilført kr. 50 000,- i fylkeskommunal stønad til drift, dette under føresetnad av at vertskommunen yter tilsvarende beløp.

I høyringsframlegget til FIF har ein teke denne ordninga ut av planen. Noko som medfører at driftstilskotet står i fare.

### **Idretten sin plass i planen**

Samanlikna med tidlegare fylkesdelplanar har idretten fått svært liten plass i denne planen. Og planen seier lite om korleis fylkeskommunen ser på idretten sine utfordringar i planperioden. Difor bør fylkeskommunen utfordrast på strategiar og tiltak som kan løfte idretten.

### **Pkt. 5.3 Idrett / pkt. 10.3.2 Organisert aktivitet og frivillig arbeid**

Under pkt. 5.3 og 10.3.2 er det viktig å få fram at idretten også aktiviserar den vaksne andelen av befolkninga, ikkje berre born og unge. Skiidretten legg m.a. tilrette aktivitet for vaksne gjennom preparering av langrennsløyper og alpinbakkar. Slik legg ein til rette for både organisert- og uorganisert aktivitet for vaksne. Dette er i hovudsak eit arbeid som i stor grad vert gjort på dugnad av laga og anleggseigarane, og arbeidet er eit svært viktig bidrag for den generelle folkehelsa.

### **Auke i rammetilskot til frivillige lag og organisasjoner**

Det er elles positivt at det i handlingsporgrammet er føreslått ei auke i fylkeskommunale tilskot til frivillige lag og organisasjoner som bidreg til fysisk aktivitet. Det er gjort framlegg om ei auke i fylkeskommunale tilskot med 25% i planperioden. Idretten er den desidert største aktøren som bidreg til fysisk aktivitet i Sogn og Fjordane, difor er det viktig at idretten får sin rettmessige andel av denne auken.

### **Tilskot til store arrangement**

I handlingsporgrammet er det føreslått at fylkeskommunen skal gje økonomisk støtte til fire meisterskap eller internasjonale arrangement i planperioden.

For våre arrangørar av større arrangement (Markane IL, IL Veten, Jølster IL og Luster Telemarkklubb) vil dette vere ei ordning som kan skape bedre og meir forutsigbar økonomi i gjennomføringa av arrangement og meisteskap.

### **Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eller meir**

I vedlegg 2 s. 6 er det presisert at det kun er alpinanlegga i Eid, Jølster og Luster Kommunar som har høve til å få spelemedilar.

Skal ein sikre ei fornuftig og berekraftig utvikling i alle etablerte alpinanlegg i fylket, bør denne formuleringa takast vekk, slik at alle anlegg kan komme i posisjon til å søkje om ordinære spelemidlar (ikkje berre nærmiljømidlar etc.)

### Vedtak

Sogn og Fjordane Skikrins skal gje eit høyringssvar som m.a. omhandlar følgjande:

- Det fylkeskommunale driftstilskotet må vidareførast jf. eksisterande ordning.
- Idretten sin plass i planen; kva strategiar og tiltak vil fylkeskommunen vektlegge for å sikre idretten sine rammevilkår i planperioden?
- Presiering av at skiidretten tilrettelegg aktivitet også for den vaksne andelen av befolkninga i Sogn og Fjordane, ikkje berre born og unge.
- Skiidretten står for eit betydeleg folkehelsearbeid gjennom tilrettelegging av langrennsløyper, alpin- og hoppbakkar. Her legg ein til rette for både organisert og uorganisert aktivitet for vaksne. Arbeidet med tilrettelegging av anlegg vert i all hovudsak utført på dugnad av idrettslag og anleggseigarar.
- Positivt at ein foreslår auke i rammetilskot til frivillige lag og organisasjoner
- Positivt at ein foreslår ei fast ordning med økonomisk tilskot til store arrangement
- Sikre at alle alpinanlegg i Sogn og Fjordane får høve til å søkje om ordinære spelemidlar
- Fylkeskommunalstønad til anlegg som planlegg tiltak knytt til universell utforming

### **Sak 06 13-15**

### **Vinterarrangement for Utviklingshemma i Sogn og Fjordane**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsen er blitt oppmoda av Special Olympics Norge (SON) samt ressurspersonar i Sogn og Fjordane om å legge til rette for eit vinterarrangement for utviklingshemma i Sogn og Fjordane.

SON ynskjer at vi skal legge til rette eit arrangement som blir gjennomført innanfor SON sine retningslinjer og regelverk.

Prinsipielt kan ikkje Sogn og Fjordane Skikrins initiere eit arrangement som ikkje er i høve til Norges Skiforbund sitt regelverk. Dette er også i tråd med tilbakemelding frå Norges Skiforbund.

På den andre sida må Skikrinsstyret vurdere om ein skal arbeide for eit slikt vinterarrangement, under føresetnad av at arrangementet vert gjennomførast i høve til Norges Skiforbund sine retningslinjer og regelverk.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at nettverksperson for integrering, Asle Sande, og adm. følgjer opp saka.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at eit evt. vinterarrangement for funksjonshemma skal gjennomførast i høve til Norges Skiforbund sine retningslinjer og regelverk.

Aktuelle tekniske arrangørar av eit Vinterarrangement kan vere Hafslo IL, Markane IL, Breimsbygda IL el. Førde IL.

### **Sak 07 13-15**

#### **Skiidrett for alle**

– ei informasjonsbrosyre frå Sogn og Fjordane Skikrins

#### **Bakgrunn**

Framlegg til informasjonsbrosyre er utsendt på førehand.

Skikrinsen sin ressursperson innan integrering, Asle Sande, har i samarbeid med adm. utvikla ei brosjyre med råd om universell utforming av skianlegg.

Bakrunnen er at skikrinsen ynskjer å stimulere skianlegga i fylket til å legge dei fysiske tilhøva så godt til rette som mogleg for born og vaksne med nedsett funksjonsnivå. Universell utforming av skianlegg vil gje fleire menneske med nedsett funksjonsevne høve til å delta i både organisert og uorganisert skiaktivitet, og er ein føresetnad for at den vedtekne visjonen «Idrett for alle» skal bli verkeleg.

Ein har vidare fått tilslagn frå fylkeskommunen om kr. 20 000,- til utvikling av brosjyra.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at brosjyra skal trykkast og distribuerast til idrettslag og anleggseigarane i Sogn og Fjordane.

Asle Sande og adm. sjef følgjer opp saka.

### **Sak 08 13-15**

#### **Miljøsamlingar 2013**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Miljøsamlingane 2013.

Miljøsamlingane er sonevise samlingar på tvers av greinene for aldersgruppa 11-14 år.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Saman med greinkomiteane får administrasjonen fullmakt til å bestemme tid og stad for Miljøsamlingane 2013.

**Sak 09 13-15**

## **Ski i Skulen 2014**

### **Bakgrunn**

For fjerde året på rad gjennomførte Sogn og Fjordane Skikrins prosjektet Ski i Skulen i 2013.

Som eit drøftingsgrunnlag for vidareføring av prosjektet i 2014 la adm. fram ein kort rapport for prosjektet.

Prosjektet er gjennomført ved 13 skular i perioden januar-mars 2013.

- Gaupne skule (IL Bjørn)
  - Flatbygdi skule (Vik IL)
  - Byrkjelo skule (BBIL)
  - Flatene skule (Førde IL)
  - Tonning skule (Markane IL)
  - Nordfjordeid skule (Eid IL)
  - Trudvang skule (Sogndal IL)
  - Tangen skule (ÅTIL)
  - Leikanger barneskule (Syril IL)
  - Sunde skule (Førde IL)
  - Viksdalen og Frøysland skule (Viksdalen IL)
  - Hyen skule (Hyen IL)
  - Hauge skule (Haugen IL)
- 
- Tal skiøkter pr. skule: 6
  - Sum tal elevar: ca. 500

Ved kvar skule er det gjennomført ca. 6 økter à 2 timer på ski frå januar til mars.

For orden skuld legg ein til at når prosjektet starta i 2009 var det 7 skular som deltok i prosjektet, og ca. 300 elevar.

Innhaldet i undervisninga har i stor grad vore leikprega og relatert til langrenn og ein del øvelsar i nedoverbakke, ved ein skule har ein også greidd å involvere alpint også med stor suksess.

I prosjektet har ein gjennomført følgjande modular med fokus på læring av grunnleggande skiferdigheter:

#### ***Skiaktivitet på flate:***

- lære ferdigheter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheter knytt til friteknikk, langrenn

#### ***Skiaktivitet i bakke:***

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppteknikk
- tilegne seg god balanse og generell skiferdighet i nedoverbakke
- i Sogndal har ein også nytta alpint med stort hell.

### Å klare seg ute vinterstid:

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

### Samarbeid med idrettslaga

Samarbeidet med idrettslaga vurderar vi som stort sett godt.

Nesten alle involverte idrettslag har rekruttert trenarkrefter frå eigne rekker til skiundervisninga, samt gjennomført øktene iht. avtale.

### Samarbeid med skulane

Samarbeidet med skulane har fungert godt, og skulane har vore fleksible m.o.t. å finne rom for aktiviteten i skuletida. Elles har skulane sjølv organisert busstransport av elevane til og frå skianlegga.

Vi registrerer at samarbeidet mellom idrettslaga og dei lokale skulane også har fungert godt.

Sogn og Fjordane Skikrins har elles forplikta seg til å vidareføre Ski i Skulen gjennom eigen utviklingsavtale med fylkeskommunen. Avtalebeløpet i utviklingsavtalen er kr. 100 000,- pr. år t.o.m. 2015.

Ein har i tillegg søkt om støtte til Ski i Skulen 2014 gjennom Sparebankstiftinga.

Økonomisk resultat frå prosjektet framgår i vedlagde rekneskapsrapport, og kostnadane til skikrinse er i hovudsak knytt til busstransport for elevar til og frå skianlegga, samt lønn og reisekostnader for instruktørar.

Adm. tilrår at Ski i Skulen vert vidareført i 2014 med same skulane og same innretning som i 2013.

### Vedtak

Skikrinsstyret gjer vedtak om å vidareføre prosjektet Ski i Skulen i høve til adm. sitt framlegg.

## **Sak 10 13-15**

### **Tidspunkt og aktuelle saker for neste møte i Skikrinsstyret**

#### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid, stad og aktuelle saker for neste møte i Skikrinsstyret.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Neste møte i Skikrinsstyret vert avvikla tysdag 22. oktober 2013.

Aktuelle saker til møtet er:

- Status i dei ulike komitéane
- Oppfølging av strategiplan 2013-2017
- M.m.

## RAPPORTERING

**Sak 11 13-15**

### **Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013**

#### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013 er utsendt på førehand.  
Adm. la fram rapporten.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## EVENTUELTT

**Sak 12 13-15**

### **Søknad om økonomisk støtte**

#### **Bakgrunn**

*Søknad om økonomisk støtte fra Sogn &Fj Skikrins*

*Telemarksporten i Sogn og Fjordane har hatt ei sterkt utvikling seinaste åra. Det toppa seg forrige sesong med suksessfull gjennomføring av NM i klassisk og klassisk sprint på Sogn Skisenter.*

*Der vann Sarah Fiskaa Haugen gull og bronse, og fleire hevda seg godt juniorklassen såvel som i dei aldersbestemte landsrenna.*

*Øvind Vagstad og Sarah hadde frå før medalje (3.-plass) under NM i parallel i Asker i jan og blei i etterkant uttatt til Jr, VM i Chamonix i feb. 2013.*

*Gunnhild Sofie Vangsnæs var reserve der, men blei ilag med Sarah F. haugen plukka ut til å representere Norge under world cup på Geilo i mars.*

*Det må og nemnast at Sarah der sensasjonelt kom til kvartfinalen i parallel, og at begge jentene var med på Norge sitt lag som vann lagkonkurransen.*

*Dette viser at nivået er meget høgt på det dei lovande juniorane i satsingsgruppa har fått erfaring frå og slik har tatt store steg i vidare utvikling.*

*Slik sett har det vore ein svært aktiv sesong der heile satsingsgruppa i tillegg har delteke på norgescup i bakke og fjelltelemark med mange gode resultat og etablert seg i toppen.*

*Dei har og deltatt i ei mengd breidde-og juniorsamlingar frå Hintertux i okt, Rjukan og Geilo i des., Bjørli og Hafjell i jan/feb til Galdhøpiggen og Stryn sommarski i juni, samt barmarksamling no i aug.*

*Dette nemnt i korte trekk for å visa den store satsinga som vil bli fulgt opp mot nye mål denne sesongen.*

*Alt dette kostar, og telemarksporten i Sogn og Fjordane håpar krinsen kan bidra her slik at budsjettet kan koma i balanse. Her tenker ein på reise-og overnatting for regionstrenar som fygjer opp satsingsgruppa.*

*Eit av årets hovedsatsingsprosjekt for telemarkmiljøet her i krinsen er å å auke rekryttinga og spre sporten til fleire skimiljø i fylket.*

På vårfagmøtet på Hamar i juni 2012 blei vi tildelt utmerkinga `årets neslag` for beste gjennomføring av rekruttering-og profilingsprosjektet `Telemarknedslaget` denne sesongen.

*Vi fekk 5 barnekarakter med telemarkutstyr og mange godord for opplegget og store oppmøtet som var den helga Telemarkhengaren med utstyr og profilar var på besøk på Sogn Skisenter.*

*Dette opplegget har vi tenkt å ta med oss til skianlegg i Nord- og Sunnfjord for å skape blest om telemarsporten og få med fleire inn i miljøet.  
Vi vil prioritere å bruka helgar på dette og har stor tru på at det i lag med lokale skimiljø kan gi auka rekruttering og samarbeid.*

*Det er klart det er ein del utgifter med å reise rundt med eit slikt opplegg, men vi håpar at krinsen som NSF ser verdien i dette og vi støtte oss her.*

*Ein annan pris telemarkmiljøet her har fått, er det meget høgthengande `Årets arrangør` som blei tildelt etter NM i 2010, og gir stor anerkjennelse som arrangørar. Det viser og at vi ble forespurt om å ta NM forrige sesong og etterpå fekk mange lovord.*

*Vi blei og forespurt om å arrangere norgescuprenn denne sesongen og, men har bestemt oss for å ta ein pause på nasjonalfronten og heller fokusere på ein breiare regionscup der vi får med fleire arenaer utanom Sogn. Tidlegare har Nibba i Honindal vore med, og vi håpar å få dei med. I tillegg vil vi forhøyre oss med andre relevante plassar som Harpefossen, Jølster/Førde og Stryn. Dette for å nå ut til fleire miljø, knyta samarbeid og rekruttere fleire til telemarksporten.*

*No skal det vere lokale arragørar, men vi kan samarbeide om gjennomføring og totalcupen si ramme.*

*Her i Sogn vil vi bruke meir tid på og bygge Sognefjordrennet og Heggmyri RettNed og sjå på muligheiten for å ta opp att Tinderittet som ein del av cupen.*

*I tillegg til at alt dette vil ta mykje tid, vil det og vere ein god del utgifter med ein slik større "fylkescup"-profilering/gjennomføring/premiering, og det er å håpa at skikrinsen kan støtta oss i dette svært viktige prosjektet.*

*Regionen vår nyter stor tillit hjå NSF telemark både sportsleg og som arrangør, og ingen blir tildelt meir midlar gjennom regionsprosjektet enn oss. Det er ei stor anerkjennelse og viser at at vi gjer mykje riktig og har gode planar.  
Det er og klart at vi treng meir midlar enn det regions-og klubbstøtte gir for å nå fram med dei viktige prosjekta vi har for å utvikle telemarksporten i Sogn og Fjordane vidare.*

*Som nemnt tidlegare håpar vi sterkt Sogn og Fjordane skikrins ser verdien i dei ovanfornemnte satsingsområda, -og vi vil med dette søka Sogn & Fj skikrins, ved skistyret, om kr. 15 000,- samla til desse satsingane.*

*Egil J. Vangsnes  
Regiontrenar/Regionsansvarleg*

## **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer slikt vedtak i saka:

Av prinsipielle årsaker imøtekjem ikkje Skikrinsstyret søknaden. Styret presiserar at miljøet må få ei tilbakemelding som illustrerer korleis skikrinsen er organisert og korleis organisasjonen elles er finansiert.

Skikrinsstyret oppmodar elles telemarkmiljøet til å opprette ein eigen komité eller utval underlagt Sogn og Fjordane Skikrins.

### **Sak 13 13-15**

#### **Orientering; Norges Skiforbund**

##### **Bakgrunn**

Skipresident Erik Røste og gen. sekr. Stein Opsahl orienterte Skikrinsstyret om følgjande områder:

- Skipolitisk Dokument 2012-2016:
  - Skstyret sine prioriteringar i perioden 2012-2014
    - Kompetanseutvikling
    - Anlegg
    - Breidde/rekruttering (fråfall)
    - Kommunikasjon
  - Prosessen kring søknad om OL i 2022
  - Spelemedilar til prepareringsutstyr for langrennsanlegg
    - Ordninga er i 2013 ein del av ordninga knytt til Spelemedilar til utstyr
    - Frå 2014 vil ordninga mest truleg bli ein del av den ordinære ordninga for Spelemedilar til til anlegg
  - Økonomisk status og utvikling
  - Organisering av administrasjonen i Norges Skiforbund
  - Tilsett ny anleggskonsulent i Norges Skiforbund, Marit Gjerland
  - Utvikling markedsarbeid i Norges Skiforbund
  - Arrangement; world cup (Kvitfjell, Holmenkollen, Drammen, Lillehammer og Trondheim)
  - Norges Skiforbund sin landslagsmodell

## **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 14 13-15**

#### **Haustmøte 2013**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Haustmøte 2013.

## **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Haustmøte 2013 skal avviklast torsdag 31. oktober. Møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotell.



Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef